

**PROTOKOLL**  
**Forhandlingsutvalet**

**Møte:** 01/2015  
**Tid:** Torsdag 16. april kl. 15:00 – 20:00  
**Stad:** Alver Hotel

**Til stades:**

Kommune	Austrheim	Fedje	Gulen	Lindås	Masfjorden
<b>Ordfører</b>	Per Lerøy		Hallvard Oppedal	Astrid Aarhus Byrknes	Karstein Totland
<b>Vara-ordfører</b>	Helge Dyrkolbotn	Roy Asle Tunmland	Arve Harald Mjømen	May Eva Sandvik	Marit Steinestø
<b>Politikar</b>	Nils Ove Vassdal		Bjarte Undertun		Arthur Sjursen
<b>Rådmann</b>	Jan Olav Osen	Vidar Bråthen	Reidun Halland	Ørjan Raknes Forthun	Svein Helge Hofslundsengen
Kommune	Meland	Modalen	Radøy	Solund	Osterøy (fram til og med sak 02)
<b>Ordfører</b>	Nils Marton Aadland	Knut Moe	Jon Askeland	Ole Gunnar Krakhellen	Kari F. Aakre
<b>Vara-ordfører</b>	Lars Barstad	Kristin Nåmdal	Ann Christin Hoen	John Kåre Larsen	Jarle Skeidsvoll
<b>Politikar</b>	Rolf Hansen	Gisle Heimly	Kenneth Taule Murberg		Ingemar Tepstad
<b>Rådmann</b>	Ingvild Hjelmtveit	Øivind Olsnes	Jarle Landås	Erik Askeland	Odd Ivar Øvregård
<b>NUI:</b>	Bent Gunnar Næss, Anne Hildegunn Færøy				
<b>Andre:</b>	Lars Sponheim og Ole Bakkebø, Fylkesmannen og Victor Ebbesvik, KS				

<b>Sak 01/15</b>	<p><b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b></p> <p>Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.</p> <p>Regionrådsleiar Jon Askeland – ønskja velkomen til møte. Han hadde ein kort gjennomgang av status og bakgrunn.</p>
<b>Sak 02/15</b>	<p><b>Statsråd Jan Tore Sanner – innlegg «Sterkere kommuner og levende lokalsamfunn»</b></p> <p>Statsråden hadde eit innlegg om kommunereformen. Presentasjonen er lagt ved. I innlegget vart der mellom anna fokusert på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Reformen er til for innbyggjarane i kommunen</li> <li>• Meir makt og oppgåver til kommunane og mindre statleg styring – meir lokaldemokrati</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha kommunegrenser som i større grad føl den naturlege bo og arbeidsregionen – «kvardagsregion»</li> <li>• Kva utvikling som har vore sidan 1965 – det er andre utfordringar for kommunane</li> <li>• Generalistkommuneprinsippet vert opprettholdt</li> <li>• Flytting av tenester og oppgåver til kommunane</li> </ul> <p>Etter innlegget til statsråden hadde alle ordførarane eit innlegg der dei peika på status i eigen kommune og spesielle utfordringar med omsyn til kommunereformen. Det vart mellom anna peika på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vart takka for eit godt og engasjerande innlegg frå Statsråden</li> <li>• Problematikken med sentrum og periferi i ein større kommune</li> <li>• Forskjellen i inntekter mellom kommunane</li> <li>• Utfordring for resten av fylket dersom større kommunar som Bergen får ansvaret for vidaregåande skular</li> <li>• Bygge ein region – står sterkare dersom ein vel å gå saman i ein kommune</li> <li>• Det vart peika på at tidsplan er stram</li> <li>• Det er behov for midlar til å bygge ut infrastruktur, både breiband og vegar</li> <li>• Må også bygge inn felles kultur inn i den nye kommunen</li> <li>• Viktig at kommunane får meir makt og ansvar av omsyn til innbyggjarane i kommunen</li> </ul>
<p><b>Sak 03/15</b></p>	<p><b>Prosesen så langt i Nordhordland.</b></p> <p>Først hadde Solund sin ordførar ein flott presentasjon av kommunen, sidan den kommunen er noko mindre kjent for dei andre i regionen.</p> <p>Det var ein gjennomgang av kva som har skjedd fram til no. Rapportane frå Telemarksforsking vart lagt fram i 2013. Der var gjort vedtak i dei einskilde kommunestyra. Året 2014 var blitt eit vent å sjå år, det gjer at ein no i 2015 må ha framdrift i arbeidet.</p> <p>Alle kommunane i regionen, med unntak av Osterøy, ønskjer å vurdere alternativet der Nordhordland vert ein kommune. I tillegg vert også Solund med i den prosessen. Det er også andre prosessar der andre alternativ vert vurdert og dei vil gå parallelt med dette prosjektet.</p>
<p><b>Sak 04/15</b></p>	<p><b>Oppgåve og prosess i forhandlingsutvalet</b></p> <p>Det var einighet om at ein vil bruke same arbeidsprosessen som SAS (Stokke, Andebu og Sandefjord) kommunane.</p> <p>Forhandlingsutvalet består av inntil tre politikarar frå kvar kommune valt av kommunestyret. I tillegg deltek rådmann frå kvar kommune. Ordførar har ansvaret for å orientere kommunestyret/formannskapet om arbeidet i forhandlingsutvalet.</p> <p>Forhandlingsutvalet skal utarbeide eit forhandlingsdokument som er ein intensjonsavtale. Den skal sei noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vere og kva prinsipp som skal leggst til grunn.</p> <p>I tillegg skal faktagrunnlaget frå Telemarksrapportane oppdaterast. Dei vil vere eit viktig grunnlag for det arbeidet som forhandlingsutvalet skal gjere med å utarbeide ein intensjonsavtale.</p> <p>For å sikre framdrift i arbeidet og at ein får ein struktur på arbeidet vil der vere ein møteplan for arbeidet med tema for kvart møte. For kvart møte/tema skal der utarbeidast eit referat der ein har med dei viktigaste konklusjonane. Referata frå kvart einskild møte vil danne grunnlaget for den intensjonsavtalen som skal utarbeidast. Referatet frå kvart møte vil bli godkjent på neste møte.</p> <p>Kvart møte skal ha ein oppsummering av dei viktigaste konklusjonane slik at ein sikrar ei felles forståing av kva ein er blitt einige om. På den måten skal ein sikre at kvart tema vert</p>

	<p>handsama og at ein går vidare med neste tema på neste møte. I tillegg skal det settast opp tema som skal handsamast på neste møte.</p>
<b>Sak 05/15</b>	<p><b>Kommunikasjonsplan</b> For å sikre at prosjektet får ein brei forankring så ønskjer ein på neste møte å få vedtatt ein kommunikasjonsplan. Prosjektleiari lagar eit forslag i samarbeid med arbeidsutvalet som vert sendt ut til forhandlingsutvalet før neste møte.</p>
<b>Sak 06/15</b>	<p><b>Møteplan og tema i forhandlingsutvalet</b> Intensjonsavtalen må vere ferdig utarbeida i januar/februar 2016. Da vert den lagt fram for kommunestyret som gir ein uttale til den. Så vert det ein diskusjonsfase der innbyggerane i kvar kommune vert invitert til å delta. Kommunestyret i kvar kommune avgjer korleis dei vil gjennomføre dette i samsvar med dei krav som er i Inndelingslova. Når den fasen er over må kommunestyret gjere eit vedtak om dei ønskjer samanslåing eller ikkje.</p> <p>Det er difor ein stram tidsplan som skal følgjast. I tillegg skal der vere eit kommunestyreval i september som gjer at arbeidet vil stoppe opp i ein periode.</p> <p>Det var lagt fram ein møteplan med ulike tema. Den vert tatt opp igjen på neste møte slik at ein får vedteke ein mest mogeleg fullstendig temaplan for møta.</p> <p>Det var einighet om følgjande møtedatoar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 27. mai – kl. 12.00 -</li> <li>• 25. juni – kl. 15.00 -</li> <li>• 21. oktober – kl. 12.00</li> </ul> <p>Arbeidsutvalet bestemmer møteplass.</p> <p>Send ut eit kort notat i forkant av møta. Der deltakarane blir utfordra på konkrete tema.</p>
<b>Sak 07/15</b>	<p><b>Konstituering av forhandlingsutvalet</b></p> <p>Følgjande vart einstemmig valt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leiar – Jon Askeland</li> <li>• Nestleiar – Karstein Totland</li> </ul> <p>Med den prosessen og møteplan og tema for møtene som var satt opp var ein einige om at det ikkje var hensiktsmessig å ha eit stort arbeidsutval, men at det kunne bestå av leiar og nestleiar og prosjektleiar.</p> <p>Arbeidsutvalet har eit ansvar i å forberede møta.</p> <p>Ordførar i kvar einskild kommune har ansvaret for å orientere kommunestyret/formannskap om prosessen. Ordførar er også ansvaret for å kommunisere prosessen til resten av befolkninga i kommunen.</p> <p>Rådmann har ansvaret for å holde tilsette og fagorganiserte orientert om prosessen.</p>
<b>Sak 08/15</b>	<p><b>Oppsummering og tema på neste møte</b></p> <p>Oppsummert:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føl same modellen som SAS kommunane</li> <li>• Forhandlingsutvalet skal utarbeide eit intensjonsavtale for ny kommune</li> <li>• Det vert utarbeida ein møteplan med tema</li> <li>• Går gjennom konkrete tema som er fastlagt i møteplan på kvart møte og får det innarbeida i referatet</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"><li>• Referata frå kvart møte dannar grunnlaget for intensjonsavtalen, det som er bestemt tas ikkje opp til ny drøfting</li><li>• Arbeidsutval består av leiar, nestleiar og prosjektleiar</li><li>• Kvart møte vert avslutta med ein oppsummering av dei viktigaste konklusjonane og ein oppdatering av tema/saksliste for neste møte</li></ul> <p>Tema på neste møte vil vere:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunikasjonsstrategi</li><li>• Kva spørsmål og prinsipp må avklarast før vedtak om samanslåing</li><li>• Kva skal vere mål/visjon og verdigrunnlaget i den nye kommunen/regionen? Kvifor vil vi ha ein ny og større kommune? Kva vil vi oppnå?</li><li>• Kommunenamn</li><li>• Kommunesenter</li></ul> <p>Arbeidsutvalet forbereder sakslista nærare til neste møte. Det vert laga til eit utfordringsnotat som vert sendt ut i forkant av møte.</p>
--	---

Alver, 14. april 2015



Jon Askeland  
Leiar i forhandlingsutvalet  
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss  
Prosjektleiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS